



Statens vegvesen

Notat

Til: Svein Erik Sandal
Frå: Harald Hauso
Kopi: Hans Frøland

Sakshandsamar/innvalsnr:
Harald Hauso - 55516830
Vår dato: 25.09.2012
Vår referanse: 2012/117427-001

FV 550, Stabilitet i gammal steinfylling i Jondal

1. Innleiing

Ved hp 8, km 12,700-12,800 ligg vegen på ei gammal steinfylling. I foten av fyllinga er det ein bustadeigedom. Grunneigar har meldt eit ynskje å få fyllinga vurdert med tanke på steinsprang i frå denne. Tidlegare grunneigar, Skurtveit senior, var med på synfaringa.

2. Situasjon

Skurtveit senior, seier at huset stod ferdig i 1968. Det vil seie etter at vegen var bygd før oppføringa av husa på eigendomen. Det er opplyst om at det i løpet av 44 år har kome ei enkelt blokk i frå fyllinga ned på eigendomen. Dette var ei blokk som rulla ned til utkanten av plenen.

Fyllinga byggjer på det meste 25 - 30 høgdemeter og består av kantete mindre blokker som har hulrom i mellom seg. Det gjer, i saman med ein svært bratt hellingsvinkel på 40 - 41° (målt med lasermålar), at fyllinga er ustabil. På synfaringa gjekk ein opp i fyllinga og det vart konstantert at mange blokker var ustabile og bevega seg når ein gjekk på dei. Blokker vil derfor frå tid til anna kunne kome i bevegelse. Desse vil derimot stort sett stogge lenger nede i fyllinga.

Det er setningsskadar i vegbana og den støypte muren har lagt seg utover. Dette viser at det er sig i fyllinga.

3. Tiltak

Det vert ikkje føreslege nokon tiltak med tanke på faren for utfall i frå fyllinga. Ein bør derimot passe på at f. eksempel ungar ikkje må leike i dette området sidan dei lett kan skade seg ved at blokker kjem i bevegelse.

Når det gjeld totalstabiliteten på fyllinga, som gradvis sig ut, bør ein etter kvart vurdere tiltak som kan stabilisere denne. Dette arbeidet bør i så fall vurderast av geoteknikkar.



Figur 1. Setningsskadar, og mur som har lagt seg utover, er vist i venstre biletet. Høgre biletet viser eigendomen i foten av fyllinga.